



For at festivalen skal få eit personleg preg, er talet på deltakarar avgrensa til om lag 800 musikantar og leiarar. I år er det påmeldt 24 korps med om lag 730 deltakarar.



Kornettgruppa

Det er lagt opp til varierte konsertar både innandørs og utandørs, stor grillfest og labbadans for å nemna noko.

Kari Anne Y. Halvorsen i skulemusikkstyret fortel at deltakinga på Vossafestivalen har vorte veldig godt motteken av musikantane. Det er så godt som hundre prosent oppslutnad om turen, og både musikantar, dirigent og dei andre leiarane gler seg storleg til helga på Voss. Kari Anne har Randi G. Zimmer, Åse Ludvigsen og Kjersti Bråtun med seg i turkomiteen.